

Ikkje byggjestart før 2014

14.06.2012



Det er denne fløyen som skal renoverast

**Kjell Yri (V) arbeidde hardt i koalisjonen for å påskynda starten for renoveringa av skulen med eitt år, men lukkast ikkje. Dermed vart vedtaket i kommunestyret i dag at arbeidet skal starta i 2014. Økonomiplanen går ut på at det blir løyva 4,5 millionar for dette året og 10 millionar for året etter. Det var dette koalisjonen gjekk inn for og i den sit Ap, V, Frp og ein uavhengig. Også KrF var for 2014 medan Høgre, Sp og SV ynskte start i 2013. Men fleire og mellom dei Kjell Yri minte om at det ikkje er så lengje til neste budjsetthandsaming...**



Kjell Yri kjempa forgjeves for byggjestart i 2013

Opprinneleg og før økonomien i kommunen vart varsla som prekær var føresetnaden at det skulle løyvast 5 millionar i 2012 til skulen i Uskedalen.

Byggjestarten vart justert til 2013 av rådmannen i forslaget til detaljplan som skulle vore til handsaming i siste formannskapsmøte men vart utsett etter forslag frå Kjell Yri for betre førebuing. Denne prosessen pågår no, men det er uvisst når saka kjem att til dei folkevalde.

Det som skal og må skje med oppvekstsenteret her i bygda var i dag ein relativt liten brikke i eit stort reknestykkje som heiter økonomiplan og som skal gjelda til 2015. Fleirtalet vende her tommelen ned for eiendomsskatt men gjekk inn for å kutta 100 stillingar i perioden.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen





Høgregruppa gjekk inn for start i 2013